

Astrid Holmefjord



Eg heiter Astrid Holmefjord er 31 år, gift og har 2 søte små på 1 og 4 år. Me bur i Kvam. Eg jobbar i nabokommunen Samnanger. Der er eg tilsett som biblioteksjef i 75 % stilling og skulebibliotekar i 12 % stilling. Eg har delvis foreldrepermisjon enda, så for tida har eg ein assistent i deltidsstilling på folkebiblioteket. Mannen min er IT-konsulent og har ansvar for drifting av Mikromarc i Kvam herad, så det blir litt Mikromarc-prating i heimen;-)

Eg var ferdig utdanna våren 2000. Eg har jobba som barnebibliotekar i Odda og vore biblioteksjef i Jondal, begge biblioteka nytta Mikromarc.

Samnanger har MM3 på sentraldrift. Me har felles katalog for folkebibliotek og ungdomsskulen. Eg er oppteken av at mikromarc skal vera eit praktisk arbeidsverktøy. Eg håpar eg kan komma med innspel om kva me ønskjer og korleis systemet fungerer etter behova og bruken i ein pitteliten kommune. I tillegg så synst eg at Mikromarc burde bli flinkare til å laga program og malar på nynorsk.

Eg er nok litt forsiktig i store forsamlingar, men ikkje så forsiktig når det gjeld å prøva ut ting på dataen. Mannen min seier at eg er på grensa til å vera farleg, for eg trykkjer først og spør etterpå;-)

